

# Bustadsosial handlingsplan

---

2018-2022

**Vedtatt dato**

# Innleiing

## Samandrag

I utgangspunktet har alle eit sjølvstendig ansvar for å skaffe seg ein stad å bu. Det kan ein gjere ved anten å leige eller kjøpe/ bygge hus. Dette er av ulike grunnar ikkje like enkelt for alle å få til. Difor må kommunen ha ein handlingsplan for å møte dei utfordringane som ligg i det å hjelpa dei ulike brukargruppene som har krav på det, til eit tenleg buforhold for kortare eller lengre periode.

Brukarbehovet har vore kartlagt, og med det er det blitt synleggjort kva som må til for å stetta dei behov som er, og som prognosane viser vil koma i framtida. Det kjem fram at ein del av den eksisterande kommunale bustadmassen i kommune treng til dels omfattande rehabilitering. Det er også behov for fleire bustader til unge med psykisk utviklingshemming som til no er heimebuande i foreldreheim, men som treng eigen bustad. Å byggja nye bustader gjev økonomiske utfordringar. I handlingsplanen er det sett opp tal, som på ingen måte er absolutte. Det er heller ikkje teke omsyn til at, avhengig av kva modell ein vil velja, er det ulike Husbankordningar som vil koma til anvending, samt at det også vert leigeinntekter. Det vil også liggja utfordringar og potensiale i endra organisering av kor dei ulike bebuarar bur. På litt sikt vil det kunna vera mogeleg å samla ulike grupper på andre måtar og etter andre kriterie enn i dag.

## Organisering av arbeidet.

Radøy kommune har hatt ein bustadsosial handlingsplan gjeldande frå 2010- 2014. Dette er ei rullering av denne planen.

Arbeidsgruppa har vore sett saman av ruskoordinator frå Psykisk helse- og rusteneste, tenesteleiar for OMSUT, konsulent kommunale bustader. Planavdelinga har vore gode bidragsytarar undervegs.

Leiar for NAV, Barnevern, Psykisk helse- og rusteneste og Heimetenesta har medverka direkte inn i arbeidsgruppa i kartleggingsfasen.

Styringsgruppa har bestått av leiargruppa innan helse- og omsorgstenester i kommunen og kommunalsjef Teknisk forvaltning.

## Kva er bustadsosialt arbeid?

Bustadsosialt arbeid handlar både om å skaffa bustadar til vanskelegstilte på bustadmarknaden og styrke den enkelte sin mogelegheit til å meistre butilhøvet. Arbeidet kan delast inn i operative og strategiske oppgåver. Dei operative oppgåvene handlar om å gje råd og rettleiing, skaffe eigna bustader, tildele økonomisk støtte, setje i verk bu-

og nærmiljøtiltak, og å gje oppfølging og tenester i heimen. Dei strategiske oppgåvene handlar om å setje langsiktige mål, utvikle tiltak og verkemidlar for å nå disse måla, setje av økonomiske og faglige ressursar til arbeidet, og avgjøre kor og av kven dei ulike operative oppgåvene skal løysast.

### **Kven er dei vanskelegstilte på bustadmarknaden?**

Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar og familiar som ikkje har mogelegheit til å skaffa seg og/eller oppretthalda eit tilfredsstillande butilhøve på eiga hand. Desse er i ein eller fleire av følgjande situasjonar:

- er utan egen bustad
- står i fare for å miste bustaden sin
- bur i ueigna bustad eller bumiljø

## **Overordna føringar**

### **«Bustad for velferd»**

Regjeringa har fastsatt følgjande nasjonale mål og prioriterte innsatsområder for det bustadsosiale arbeidet:

#### **Mål**

**1 Alle skal ha ein god stad å bu**

#### **Prioriterte innsatsområder**

- hjelp frå midlertidig til varig bustad
- hjelp til å skaffe en eigna bustad

**2 Alle med behov for tenester, skal få hjelp til å meistre butilhøvet**

- forhindra utkastingar
- gi oppfølging og tenester i heimen

**3 Den offentlige innsatsen skal være heilskapleg og effektiv**

- sikre god styring og målretting av arbeidet
- stimulere til nytenking og sosial innovasjon
- planlegge for gode bumiljø.

Strategien fokuserer og på særleg innsats for barnefamiliar og unge då bustaden og nærmiljøet utgjer ei viktig ramme for barn og unge sin oppvekst. Ein vil forsterka innsatsen for barn og unge som ikkje bur bra. Dette er både viktig for born og unge her og no men og for å unngå at dårlege levekår går i arv.

## **NOU2011:15 «Rom for alle»**

Det vart i 2011 laga ei offentleg utredning, NOU, som skulle drøfte og gje råd om korleis sentrale oppgåver i den sosiale bustadpolitikken skulle møtast framover. Her er det lagt stor vekt på at kommunane skal få eit større handlingsrom når det gjeld koordinering og samordning av bustadtilbod og tenester. Bustaden er svært viktig i velferdspolitikken. Gode levekår heng tett saman med å ha ein god plass å bu. Førebyggjande arbeid blant utsette grupper er ei god investering for framtida. Utvalet som har jobba med utredninga meiner at fordelane ved å eige eigen bustad er så store at eige må gjerast mogeleg for fleire. Dei utsette gruppene må prioriterast. Desse samsvarer med regjeringa si bestilling om å prioritere barnefamiliar og unge.

## **Plikter og ønskje**

### **Ein kommune har plikt til å:**

- Busetje menneske med flyktningbakgrunn når det ligg føre politisk vedtak (etter oppmoding frå IMDI).
- Stilla med mellombels bustad når ein person opplever å stå akutt bustadlaus (Lov om sosiale tenester i Nav §27)
- Medverka til å skaffa bustad til menneske som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden. (Lov om sosiale tenester i NAV §15/ Helse- og omsorgslova §3-7).

Kommunen har ikkje plikt til å skaffa bustad til innbyggjarar ut over dette, eller til å eiga bustader til utleige.

## **Strategi og tiltak**

For at kommunen skal ha eit best mogleg tilbod, har ein ønske for kva bustader kommunen skal disponera, sjølv om det ikkje er pålagd i lov;

- Bustader til utleige for vanskelegstilte
- Bustader til utleige for menneske med rus- og psykiatrilidingar.
- Bustader som er tilrettelagde, til utleige for menneske med omsorgsbehov.
- Bustader til utleige som er lagt til rette for menneske med demens.
- Bustader til utleige som er lagt til rette for eldre menneske med utfordringar knytt til psykiatri/ og eller rus.
- Større grad av tilrettelegging for at tenestemottakar kan fortsetja å bu heime.  
-Tilrettelegging i heimen, ved t.d. bruk av tilskotsordningar og velferdsteknologi

- Dagtilbod
- Avlastningstilbod
- Korttidsopphald i institusjon/sjukeheim

## Fakta om Radøy

Årleg rapportering til KOSTRA (kommune-stat-rapportering) viser følgjande befolkningsprofil for Radøy.

Nøkkeltall	Enhet	Radøy	Meland	Kostragruppe 10
		2017	2017	2017
Innbyggere (antall)	antall	5129	8079	189805
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	9,4	12,7	9,8
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	5,1	6,3	8,8
Netto innflytting (antall)	antall	-21	5	626
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	prosent	8,5	9	11
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	prosent	58,6	56,6	62,8
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	prosent	2	1,6	1,6
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	prosent	12	9,6	12,3

I følge SSB si befolkningsframskriving vil folketalet i Radøy auka til 5705 innbyggjarar i 2030.

Tabell 1. Befolkningsframskriving i Radøy kommune 2018 - 2040

Kilde: Befolkningsframskriving (SSB 2017 alternativ MMMM)

Demografisk utvikling: År/ Aldersgrupper	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Differanse 2018- 2030
0-19 år	1288	1334	1315	1292	1281	1209	-79
20-66 år	3086	3134	3211	3281	3314	3320	+234
67-79 år	578	628	714	742	786	825	+247
80-89 år	198	192	239	318	374	417	+219
90 år og eldre	53	50	58	60	87	114	+61
Totalt antall innbyggere	5203	5338	5537	5693	5842	5885	+682
Sum innbyggere 80 år og eldre	251	242	297	378	461	531	+280

Tabellen viser at aldersgruppene 0-19 år aukar fram mot 2020. Deretter vert talet redusert heilt fram mot 2040. I aldersgruppa 20-66 år ser vi en liten men jamn auke i heile perioden.

I aldersgruppa 67-79 år ser vi ei jamn auke. Mens i aldersgruppa 80-89 år og 90 år og eldre ser vi en liten reduksjon fram mot 2020. Deretter en stor økning. Tek vi omsyn til dei endringane som er venta å koma i perioden fram mot 2030, ser vi ei prosentvis auke i aldersgruppa 20-66 år på 4,05 %, aldersgruppa 66-79 år 23,14 %, aldersgruppa 80-89 år 20,71 % og aldersgruppa 90 år og eldre 9,43 %. Ser vi på aldersgruppa 80 år og eldre får vi ein samla vekst på 18,32 %. Andelen 80-89 åringer og spesielt andelen 90 og over er den gruppa som tradisjonelt har behov for flest helse- og omsorgstenester. Auken i denne gruppa gjev eit tydelig signal på at kommunen må setje inn målretta tiltak for å møte denne utfordringa. Forebygging, folkehelse, boligbygging, utnyttelse av teknologi, kvardagsrehabilitering, frivillighet og kompetanse

### Kostratal bustadar 2017

Søknader	Innvilga	Avslag	Venteliste
23	14	6	3

### Kostratal bustadar 2016

Søknader	Innvilga	Avslag	Venteliste
36	28	7	1

Nokre utfordringar i Radøy knytta til total bustadsituasjon:

- Spreidd utbygging over heile Radøy.
- Høg andel einbustader og få mindre, private gjennomgangsbustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden eller unge i etableringsfasen.
- Mange privateigde bustader i eller nær Manger sentrum nytta til framleige til flyktningar.
- Fleire vanskelegstilte på bustadmarknaden som i dei næraste åra vil trenge bustad med tilknytta tenester av varierende art.
- Ein del tomme, fråflytta bustader som berre vert nytta til feriebustader.
- Fleire kommunale bustader med stort behov for vedlikehald og ombygging. Det er og liten sirkulasjon på dei kommunale bustadene, som gjer det vanskeleg å renovere dei.

### Kommunesamanslåing

I løpet av planperioden byggjer me ny kommune, Alver, saman med kommunane Meland og Lindås . Arbeidsgruppa har hatt fokus på status for Radøy og behova framover knytt til dei utfordringane me ser i eigen kommune. Det bør utarbeidast bustadsosial handlingsplan for den nye kommunen i første valperiode.

## Status bustadsosialt arbeid i Radøy

### Bustadforvaltning

Bustadforvaltning i Radøy blir utført av ulike personar i ulike rollar og tenesteområde, som saman har ei oversikt over bustadfeltet i kommunen. Bustadkonsulent handsamar søknader om kommunale bustader og omsorgsbustader. Bustadkonsulent samhandlar med aktuelle einingsleiarar frå sak til sak slik at ein finn bustad som høver til den enkelte brukar og finn rett omsorgsnivå. Andre oppgåver er eit oversyn over statlege og kommunale verkemidlar knytt opp mot bustad, utforming av husleigekontraktar og overlevering av bustad.

Sakshandsaming av startlån, rettleiing og tilrettelegging av sakshandsaming av bustøtte og tilstandsvurdering knytt til tilpassing av bustad er oppgåver kommunen har lagt til andre tenesteområder. Denne forma for organisering heng saman med størrelsen på kommunen og har fungert til dels. Arbeidsgruppa har sett på utfordringar ved denne forma for organisering og vil visa til dette og mogelege endringar seinare i planen.

I samband med den komande kommunesamanslåinga vil målgruppa bli større og ei organisering med t.d. bustadkontor og forvaltningskontor, kan bli aktuelt.

### NAV

NAV har plikt til å gje økonomiske råd og rettleiing til dei som treng det. Dei har også plikt til å hjelpa til med å skaffe akutt bustad ved behov. Akutt bustad skal ikkje ha lenger varigheit enn 3 månader. NAV-kontoret skal gi hjelp til følgjande dersom ein er i ein situasjon der ein ikkje kan ivareta interessene sine på bustadmarknaden:

- økonomisk rådgjeving
- informasjon om økonomisk sosialhjelp
- informasjon om låne- og støtteordningar frå stat og kommune
- hjelp til søknad om kommunal bustad og andre ordningar for å etablere seg i ein bustad
- hjelp til å finne husvære som er til utleige
- hjelp til å ringe for å avtale visning
- hjelp til å gå på visning, eller på annan måte hjelp til å skaffe en varig bustad
- hjelp til å etablere kontakt med kommunale helse- og omsorgstjenester

Nav-kontoret kan også i periodar forvalte privatøkonomien til personar som ikkje sjølv er i stand til å handtere økonomien sin.

### Flyktingtenesta

Flyktingtenesta er organisert under NAV og tel for tida tre medarbeidarar. Radøy kommune buset flykningar ut i frå politiske vedtak etter avtale med Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). Flyktingane har rett og plikt til å delta i Introduksjonsprogrammet som kan vare inntil to år. Når særskilde grunnar talar for det, kan programmet vara inntil tre år.

Bustadkonsulent og flyktingtenesta samhandlar om å skaffe eigna bustad til flyktingane som kjem til kommunen. Det vert arbeidd med å tilsetja burettleiar for å styrka tenesta til flyktingar og andre med behov for buoppfølging.

## **Kommunen sine mål for god bustadpolitikk**

*Visjon:*

*Radøy – den grønne øya – tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle*

Bustadsosial handlingsplan skal vera sentral i utforminga av Radøy kommune sin bustadpolitikk. Den skal danna grunnlag for heilskapleg tenking og prioritering. Bustadsosial handlingsplan omhandlar bustader og butiltak for dei grupper av befolkninga som har vanskar med å skaffa seg, eller behalda ein tilfredsstillande bustad på eiga hand.

Radøy kommune sitt mål er at alle skal ha moglegheiter for å etablera seg og verta buande i eigen bustad i eit godt bumiljø, uavhengig av økonomiske, fysiske, helsemessige eller sosiale føresetnader. Ein god bustad er grunnlag for eit anstendig tilvere, og vil ofte vera avgjerande for innbyggjarane si helse og deltaking i arbeidslivet.

Samstundes har ein hatt som mål å finna løysingar som kan effektivsera og kan gje innsparing økonomisk.

### **Hovudmål**

- Skaffa bustad til vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Tilretteleggja for ein velfungerande bustadmarknad.
- Auke talet på miljøvenlege og universelt utforma bustader og bustadområde.
- Flest mogleg skal kunna eiga sin eigen bustad.
- Gode service- og tenestetilbod.
- Organisera bustadsosialt arbeid på ein heilskapeleg og oversiktleg måte.
- Syta for ein bustadmasse som er tenleg for kommunen, og dekkjer behova til innbyggjarane /leigetakarane.
- Sikra høg kvalitet på oppfølging av leigetakarar i kommunal bustad
- Meir målretta bruk av tilgjengelege økonomiske verkemiddel, til beste for innbyggjarane.

## **Bustadbehov i planperioden**



Kommunen har fleire bustader som er gamle og treng vedlikehald, endring og/eller ombygging om dei skal vere funksjonelle og stetta krava i dag. Fleire er bygd på ei tid der det ikkje var aktuelt med vaktrom og/eller mulighet for overnatting for personalet. Arbeidsmiljølova stiller krav til personalet sin arbeidssituasjon som no vanskeleg let seg gjennomføre. Dette gjer at ikkje alle bustadene lengre er godt eigna til formålet. Det er ikkje lett å få tak i eigna utleigehusvære til alle kategoriar av dei som treng kommunale husvære. Difor bør det bli satsa på byggja fleire eigna husvære som kan stetta dei ulike registrerte behova, og samstundes og omdisponere 3 – 4 av dei som er gamle og minst eigna etter dagens krav.

Etter dei tal som er kjende pr. i dag, bør det leggjast til rette for bygging av 4-5 nye bustader for vanskelegstilte, og samstundes leggjast til rette tomt for at private kan byggja eigen bustad for same formål. Det er eit mål at slike bustader ikkje vert øremerka ei spesiell gruppe, men kan brukast fleksibelt etter til dei behov som er til ei kvar tid

Det er ei utfordring at mange vert buande i kommunale bustader over svært lang tid. Det er ei mål å ha nokre bustader til gjennomgangsbustader som kan stetta eit behov for kort tid, på veg mot ein meir varig busituasjon. Til det trengs det gode retningsliner og stor gjennomføringsevne ved bustadtildeling.

## **Husbanken sine verkemiddel**

Husbanken er staten sitt sentrale organ for gjennomføring av den gjeldande bustadpolitikken. Husbanken arbeider etter regjeringa sine mål og får oppdrag frå ulike

Radøy kommune nyttar i dag fleire av Husbanken sine tilskotsordningar. I 2017 hadde Radøy kommune registrert 14 saker hjå Husbanken. Kommunen lånte ut i overkant av 1,3 millionar i startlån fordelt på 5 saker. Det vart ikkje utbetalt tilskot til etablering eller tilskot til tilpassing av bustad.

Under følgjer ei kort oversikt over dei bustadsosiale ordningane Husbanken forvaltar pr 2018:

## **Tilskotsordningar for innbyggjarar og kommunen**

### **Grunnlån**

Grunnlånet skal bidra til å fremme viktige boligkvaliteter som miljø og universell utforming i nybygging og oppgradering av eksisterende bebyggelse. Grunnlånet skal også brukes til skaffe boliger til vanskeligstilte og husstander i etableringsfasen, og bidra til nødvendig boligforsyning i distriktene. Lånet skal bidra til å oppnå boligpolitiske målsettinger som ellers ikke vil bli oppnådd uten.

## **Bostøtte**

Bostøtten skal bidra til at husstander med lave inntekter og høye boutgifter kan ha en trygg og god bolig. Bostøtten skal bidra til at disse husstandene kan bli boende i boligen, eller at de kan skaffe seg en bedre bolig.

Ordningen er behovsprøvd. Det stilles krav til husstanden og boligen. Bostøtte beregnes på bakgrunn av boutgifter, inntekter og antall personer i husstanden.

## **Tilskudd til tilstandsvurdering**

Formålet med tilskuddsordningen er å øke antallet boliger med god tilgjengelighet og lavt energibehov.

## **Tilskudd til tilpasning av egen bolig**

Tilskudd til tilpasning skal bidra til at personer med behov for tilpasset bolig kan få finansiering til det, samt øke tilgjengeligheten i boligmassen.

## **Tilskudd til refinansiering av lånegjeld**

Tilskuddet skal bidra til en varig løsning på de økonomiske problemene med bolig, eventuelt i sammen med andre tiltak.

## **Kompetansetilskudd til bærekraftig bolig og byggkvalitet**

Husbankens kompetansetilskudd til bærekraftig bolig- og byggkvalitet skal være en pådriver for utvikling og bruk av nye løsninger og metoder i bolig- og byggsektoren. Tilskuddet skal bidra til flere miljøvennlige og universelt utformede boliger, bygg og uteområder, og til å styrke kompetansen om bærekraftige kvaliteter.

## **Startlån**

Startlån skal bidra til at personer med langvarige problemer med å finansiere en bolig kan skaffe seg en egnet bolig og beholde den.

## **Tilskudd til etablering i egen bolig (kjøp av bolig)**

Tilskuddet skal bidra til at en person kan etablere seg i egen bolig og sørge for egnede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet.

## **Investeringsstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser**

Investeringsstilskuddet skal stimulere kommunene til å fornye og øke tilbudet av plasser i sykehjem og omsorgsboliger for personer med behov for heldøgns helse- og omsorgstjenester.

Tekst henta direkte frå Husbanken (på bokmål) Meir info på : [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

# Bustadsosiale fakta

## Kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Som ein del av planen og kartlegginga har vi skaffa oss ei oversikt over kor mange og kva brukargrupper som har behov for kommunal hjelp for å skaffa seg egna bustad. Nokre grupper er ganske små og av omsyn til personvernet vil vi i planen kategorisere funna etter alder og livsfasar og behov, ikkje etter diagnosar og grupperingar.

Kartlegginga baserer seg på ein enkel metode der ein har, saman med dei ulike tenesteleiarane ved Heimetenesta, Nav, Omsut og Psykisk helse, laga ein oversikt over brukarar som kan være i målgruppa. Ein har kartlagt:

1. personar utan bustad
2. personar eller familiar som står i fare for å mista bustaden sin.
3. personar som bur i lite egna bustad.

Kartlegginga er ikkje knyta til eit bestemt tidspunkt, men tek for seg behov og forventa behov i heile planperioden.(Dette inneber at tala kan vera noko usikre, og ein må også sjå på dette som eit forventa behov). Vilkår for å bli rekna med er at ein har eller kan få vanskar med å skaffa seg bustad, treng bustad med særlege tilpassingar eller helsetenester knyta til bustaden.

Dei ulike brukargruppene som er med i kartlegginga er:

- personar med rusutfordringar
- personar med sviktane psykisk helse
- eldre personar med sviktane helse/kognitiv svikt
- personar med utviklingshemming
- personar med flyktningestatus
- andre personar med redusert eller sviktane helse
- personar som er økonomisk vanskelegstilte

Kommunen rår over ein bustadmasse som har ulike tilpassingar knyta til utforming, lokalisering og tenester tilknytt bustaden. Slik det er i dag er det meste av desse bustadane i bruk, og gir ei stor gruppe med innbyggjarar egna bustadtilbod. I kartlegginga som no er gjort, vil ein få fram behov ut over det som blir dekkja av den bustadmassen kommunen rår over på kartleggingstidspunktet.

Det var totalt 37 personar som vart kartlagt.

Kartlegginga viser følgjande innan desse brukargruppene uavhengig av alder:

- Dei aller fleste kartlagde er einpersonshushaldning
- Det er svært få barnefamiliar i dei kartlagte gruppene

- Mange bur hjå familie i mangel på eigen eigna bustad
- Hovudinntekt hjå dei kartlagde er ulik trygdeytning
- Mange med sviktande psykisk helse, rusutfordringar og flyktningestatus står i fare for å miste bustaden på grunn av manglande bukompetanse, (rusepisodar, sosiale vanskar og økonomisk misleghald.)
- Det er eit stort behov for burettleiing og oppfølging innan gruppa med flyktningestatus og for personar med sviktande psykisk helse og rusutfordringar.
- Det er eit framtidig behov for eit butilbod for eldre med utfordrande åtferd
- Det er behov for butilbod med heildøgns tenester for personar med ulike ruslidingar
- Det er behov for gjennomgangsbustad, både korttid og langtid.

Ungdom/vaksne i alderen 15 til 30 år

Denne gruppa utgjer 23 av dei kartlagde og har ulik nedsett funksjon, vanskar og behov. Dei er innan alle brukargruppene som skissert over.

Vaksne i alderen 31-67 år

Denne gruppa utgjer 14 personar av dei kartlagde. Dei fleste i denne gruppa har ulike psykiske vanskar, rusutfordringar eller kombinasjon av desse. Litt under ein tredjedel har flyktningestatus.

Eldre over 68 år : Ingen i denne aldersgruppa i kartlegginga. Pr. i dag yter heimetenesta tenester til personar i denne aldersgruppa. Fleire vil bu lengre heime osv. Alle som har rett til det, får tildelt tenester etter kartlagt behov

## Eksisterande kommunal bustadmasse

### Omsorgsbustader

- 21 omsorgsbustader lokalisert ved Velferdssenteret på Manger. Det er 17 to-roms bustader og 4 tre-roms bustader. Det er knytt krav til at dei som får tildelt bustad her, at han/ho har trong for heildøgns helse- og omsorgstenester som ikkje kan stettast i heimen. Bustadane er eit heildøgns omsorgstilbod, der det er knytt tenester til bustadane. Bustadane er såleis ein del av kommunen si eldreomsorg.

Bustadane er pr. tid underlagt heimetenesta.

- 8 bustader i Idrettsvegen 8, er til personar med psykiske lidingar.

### Tilrettelagte bustader

- 4 bustader i Prestmarkvegen v/Velferdssenteret
- 4 bustader i Hannesvegen – 1 bustad vert nytta som avlastningsbustad

- 3 bustader i Raunholmskogen 9A – Nytt av Omsut
- 4 bustader i Raunholmskogen – (Prestbrekka) (Omsut gjev heildøgns tenester)
- 5 bustader i Raunholmskogen – nye (Prestbrekka) (Omsut gjev heildøgns tenester)
  
- 1 vertikaldelt bustad Grønåltegen 10 og 12 (Nr 10 vert nytt av Omsut og gjev heildøgns tenester)
  
- 1 kommunal bustad i Hesthaugen 24

## Innleigde bustader

Kommunen leigar pr. 1. juni 2018, 15 bustader til ulike brukargrupper, dette til flykningar og personar som har vanskar med å skaffe seg bustad på eige hand. Planen tek sikte på å få dette talet noko ned. Dette gjennom nybygg til einslege og ved at ein legg til rette for at flyktningfamiliar kan etablere seg i eigne bustader.

## Bustadrådgeving

Ordinga i dag for dei som av ulike grunnar treng hjelp for å koma inn på bustadmarknaden eller få hjelp, råd og rettleiing, er svært fragmentert. Mange ulike stillingar har ansvar for sine delar, og det skapar lite heilhet både for tenesteytarane og for dei som skal få hjelp til å søkja kommunal bustad eller andre kommunale ordningar ( tilskot, lån, bustøtte os.v.) Det er stort behov for meir samanheng og samhandling for få til gode løysingar for den einskilde. Det vil kunna løysast ved å samla desse tenestene inn i ei stilling. I tillegg må det opprettast ei tverrfagleg bustadrådgevingsgruppe, som kan vere med i vurdering for kva som er beste løysing.

Bustadrådgevingsgruppa er ei tverrfagleg rådgevingsgruppe for dei som treng å tilrettelegge bustaden sin i høve nybygg, ombygging, utredning i høve rampe, heis eller andre bygningsmessige endringar. Denne gruppa kan gje råd i høve universell utforming, spesiell tilpassing, tekniske løysingar og økonomisk rettleiing i høve tilskotsordningar og lån ein kan søkje gjennom Husbanken. I nokre saker har ein også samarbeid med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Den tverrfaglege rådgevingsgruppa kan bestå av: Bustadkonsulent, Ergoterapeut, Teknisk avd., Sørvistorget og NAV.

## 5. Handlingsplan for perioden 2018 – 2022

Sakshandsaming og organisering					Finansiering			
Strategiar	Tiltak	Ressurs-behov. Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	Ansvar	2018	2019	2020	2021
Sikre ei heilskapeleg handtering av bustadosiale utfordringar i kommune organisasjonen	Sikre gode prosessar og overgangar mellom ansvarlege aktørar i kommunen, til beste for brukaren – «ei dør» -Tydeleggjera ansvarsområda til dei ulike	*	1.10.2018	Kommunalsjef				
	Utarbeida informasjon og rutinar for tildeling av tilpassing til bustad.	*	1.10.2018	Kommunalsjef				
	Opprette ei bustadrådgjevinggruppe	*	1.9.2018	Kommunalssjef				
	Forvaltning av startlån, og ulike typar tilskotsordningar samlast på same stilling	*	1.9.2018	Kommunalsjef				
	Kunngjere ordningane og setje søknadsfristar for tilskot	*	Fort-løpande	Bustad konsulent				

Bustadtilbod					Finansiering			
Strategiar	Tiltak	Ressurs-behov. Innanfor (*) eller utanfor vedtatt ramme	Frist	Ansvar	2018	2019	2020	2021
Sikre at Radøy kommune bidreg til å dekke dei reelle bustadbehova for vanskelegstilte i kommunen  Sikre at Radøy kommune har eit bustadtilbod med tenester knytt opp til å skaffa bustad til særleg utsatte grupper	Rehabilitering og ombygging av bustader bak sjukeheim (Prestmarkvegen 3- 5) 5 - 6 mindre bustader.		Ferdigstilt innan 01.01.20.	Kommunalsjef Helse og omsorg		12 mill. (+ tilskot Husbank en)		
	Nybygg– 4-5 bustader for unge med utviklingshemming.		Ferdigstilt innan 01.01.21.	Kommunalsjef Helse og omsorg		7 mill. (+ tilskot frå Husbank en)	7 mill. (+ tilskot frå Husbank en)	
	Setje av og tilretteleggja tomt til 4-5 private bueiningar til utbygging for personar med utviklingshemming.		Innan 01.01.21.	Kommunalsjef Helse og omsorg			2 mill.	
Sikre ei heilskapleg og behovsretta utvikling innan bustadsosial utbygging	Opprette samarbeidsfora for å nytta bustadmassen til det beste for brukarar og kommunen.	*	01.09.18	Bustad konsulent				
	Definere og utarbeide retningslinjer for tildeling og bruk av gjennomgangsbustader.	*	01.09.18	Bustad konsulent				

Buoppfølging					Finansiering			
Strategiar	Tiltak	Ressursbehov Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	Ansvar	2018	2019	2020	2021
Sikre god burettleing til dei som treng det	Tilsetje burettleiar for å gje systematisk opplæring i korleis det er «å bu»	650`	1.6.2018	NAV	325`	650`	650`	650`

Bustadtilpassing					Finansiering			
Strategiar	Tiltak	Ressurs-behov. Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	Ansvar	2018	2019	2020	2021
Sikre at innbygarane kan bu lengst mogeleg i egen heim	Bruke tilskotsordningar aktivt (Husbankmidlar)	*	Kontinuerleg	Bustad konsulent				
	Opplæring i velferdsteknologi	*	Kontinuerleg	heimetenesta				



